


Slik er vi organisert

Organisasjonskart for Møre og Romsdal fylkeskommune



Kart som viser politisk organisering finn du under Politikk

Leiargruppa til fylkeskommunedirektøren

- Ottar Brage Guttelvik, fylkeskommunedirektør
- Gunn Randi Seime, assisterande fylkeskommunedirektør
- Erik Brekken, kompetanse- og næringsdirektør
- Arild Fuglseth, samferdselsdirektør
- Heidi-Iren Wedlog Olsen, kulturdirektør
- Anthony Normann Valen, tannhelsedirektør
- Per Olaf Brækkan, bygg- og eigedomssjef
- Dag Lervik, organisasjonssjef
- Gudmund Lode, juridisk sjef
- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef

Du kan lese meir om fylkeskommunen som organisasjon på mrfylke.no

Tilsette og årsverk i tal

Ved slutten av 2021 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 2695 tilsette og 2408 årsverk. Dette er ei auke på 68 tilsette og 23 årsverk frå 2020.

Tal på årsverk

I 2020 overtok fylkeskommunen ansvaret for drift, vedlikehald og forvaltning av fylkesvegane frå Statens Vegvesen. Dette medførte ei auke på om lag 100 tilsette frå året før.

Tal på tilsette

Talet på tilsette i deltidsstillingar har gått ned frå 791 til 731 sidan 2016.

Tal på tilsette i deltidstillingar

Tilsette fordelt på kommune

	Fag og stabsavdeling	Tannhelse	VGS og fagskole
Molde	338,41	23,2	262,78
Kristiansund	46,19	12,89	244,18
Ålesund	92	42,89	578,51
Hustadvika	2,5	6,4	78,21
Vestnes	1,5	4,4	46,07
Herøy	1,9	5,6	60,12
Rauma	2	4,2	33,85
Sande		0,7	
Smøla		1,8	
Stranda	0,8	2	28,48
Sunndal	2	4	47,05
Surnadal	2,7	4,9	43,36
Sykkylven	2,5	5,15	38,99
Ulstein	4,4		79,33
Tingvoll	1,3	2,8	25,23
Volda	2	6	74,59
Ørsta	2	7,05	68,93

Fag og stabsavdeling	Tannhelse	VGS og fagskole
Fjord	5,5	2

Tilsette fordelt på kommune

Tal på mellombels tilsette

Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane

Kvinner og menn i leiande stillingar (tilsette)

Per desember 2021

Gjennomsnittsalder på tilsette

Per 31.12 2021

Sjukefråvær 2012-2021

Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn

Gjennomsnitt tal på veker foreldrepermisjon

Gjennomsnittleg årslønn i Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjennomsnittleg årslønn, HTA kapittel 3

Gjennomsnittleg årslønn, HTA kapittel 4

Gruppe 1 – stillingar utan særskilt krav til utdanning, fagarbeidar, stillingar med krav om fagbrev og tilsvarande.

Gruppe 2 – stillingar med krav om treårig universitets- eller høgskoleutdanning eller meir.

Organisasjonsutvikling

Omstilling av organisasjonen

Med 2600 tilsette fordelt på lokasjonar i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal.

Organisasjonsstrategi

[Organisasjonsstrategien](#) er vår felles plattform for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget og nå måla i den regionale planstrategien og fylkesplan. Implementering av ny organisasjonsstrategi var tema for årets organisasjonskonferanse som samla nærmare 300 leiarar og tillitsvalde.

Visjonen er at vi skal vere *ein* tydeleg medspelar og vårt verdigrunnlaget er:

Møre og Romsdal fylkeskommune er ein lærande organisasjon kjenneteikna av verdiskapande samarbeid og tillit.

Organisasjonsutvikling

I prosjektet Omstilling 2020 vart det lagt eit godt grunnlag for vidare utvikling av organisasjonen og tenestetilbodet. I 2021 har utviklingsarbeidet halde fram.

Nokre sentrale tiltaksområde i 2021:

- Det er gjennomført ein OU- og fusjonsprosess der gamle Ålesund vgs og Fagerlia vgs frå 01.08.21 er administrativt samanslått til ein skole med namnet Ålesund vgs. Dette inneber at det er etablert felles leiargruppe for skolen med ny rektor. Ved inntaket til skoleåret 2021/2022 søkte elevane til den nye skolen.
- Det er gjennomført ein OU- og fusjonsprosess der to dei tidlegare fagskolane er slått saman til Fagskolen i Møre og Romsdal. Ny rektor er tilsett med ansvar for studietilbodet fordelt på lokasjonar i Ålesund og Kristiansund.
- Det er gjennomført ein OU- og fusjonsprosess der tilboden ved gamle Fannefjord vgs inngår som ein del av Romsdal vgs. Fannefjord vgs sin tidlegare lokasjon på Reknes i Molde er vidareført etter fusjonen.
- Det er gjennomført ein fusjonsprosess der tilboden ved Ungdomspsykiatrisk avdeling (UPA) er organisert som ei avdeling ved Borgund vgs
- I løpet av 2020 og 2021 er det etablert 55 fylkeskommunale arbeidsplassar ved Fosnagata 13 i Kristiansund. Desse skal inngå som ein del av Campus Kristiansund. Målet er å auke til 70 arbeidsplassar fram mot innflytting i dei nye Campus lokala. Fagmiljøet er etablert for å styrke det tverrfaglege samarbeidet internt, og finne gode måtar å samarbeide med eksterne aktørar. Nye arbeidsformer som blir utvikla skal gi synergiar og ha overføringsverdi inn mot andre miljø i fylkeskommunen
- Det er etablert eit eige program som skal fremje nye digitale arbeidsformer. Programmet består av sju prosjekt som er direkte knytt til utvikling og digitalisering av viktig infrastruktur og sentrale arbeidsprosesser for medarbeidarar i og brukarar av fylkeskommunen sine tenester. Desse prosjekta inngår i programmet:
 - Retningslinjer for informasjonsforvalting og lagring
 - Revisjon av kommunikasjons- og kanalstrategi
 - Nytt intranett og nettsideutvikling
 - Sak – og arkivsystem
 - Verksemdstyringssystem
 - Kvalitetssystem
 - Kompetansestyring

Heilskapleg verksemdstyring tek opp i seg kvalitetsarbeid og internkontroll i samsvar med kommeunelova §25-1.

Med utgangspunkt i organisasjonsstrategien og som ein del av programmet er fylkeskommunen sin kommunikasjonsstrategi revidert. Det overordna målet i strategien er «Målgruppene har tillit at fylkeskommunen løyser samfunnsoppdraget sitt til det beste for fellesskapet».

- Det er gjennomført ein OU-prosess der alle IT-medarbeidarane i fylkeskommunen no er samla i IT-seksjonen under felles leiing av IT-sjefen. Seksjonen inngår som ein del av Stab for organisasjon og tenesteutvikling er organisert i to team; Team brukaroppleveling og Team infrastruktur. Oppfølging av IT-læringane inngår også som ein del av den nye organiseringa. Dei IT-tilsette og lærlingane er framleis fordelt mellom ulike lokasjonar i fylket (skolane og fylkeshuset i Molde).
- Samferdselsområdet har gjennomgått store organisasjonsendringar som følgje av regionreforma og Omstilling 2020. Utvikling av organisasjonen og fagområdet har høg prioritet etter at fylkeskommunen fekk overført tilsette/årsverk frå Statens vegvesen for å følgje opp fylkesvegmrådet. Samferdselsområdet har no omlag 180 tilsette.
Byggherreorganisasjon er framleis under oppbygging og utvikling, og det er viktig få etablert ein felles organisasjonskultur forankra i organisasjonsstrategien.
- Det er gjort tilsetting av koordinator for eit seriøst arbeidsliv. I samarbeid med partane i arbeidslivet blir det utvikla ein eigen modell for å sikre eit seriøst arbeidsliv i Møre og Romsdal
- «Omstilling 2020» i tannhelsetenesta har hatt som mål å sikre ein fullfinansiert tenestestruktur som føresetnad for rekrutterande og stabile fagmiljø. I 2021 har arbeidet med å effektuere dei vedtekne strukturelle endringane blitt vidareført, med nye bemanningsplanar

i kompetanseregionane og utfasing av distriktstannklinikke Aukra, Batnfjordsøra, Eidsvåg, Ørskog, Ulsteinvik og Larsnes. Parallelt med strukturendringane har det blitt gjennomført utprøving av mobile behandlingseininger for behandling av institusjonspasientar. Ved inngangen til omstillingssprosjektet (2018) var talet på klinikkar 34. Frå 1.1.2022 vil det vere 27 tannklinikkar i drift og innan utgangen av økonomiplanperioden er talet på klinikkar redusert til 23.

- Det siste året har det vore auka samarbeid mellom fylkeskommunane på ei rekje viktige områder, og spesielt knytt til digital utvikling. I den samanheng er det etablert ny kollegie- og nettverkstruktur for å strukturere og styrke samarbeidet.

Prosjektarenaen og tenesteutvikling

Prosjektarenaen er fylkeskommunens felles møteplass og ressurs for utviklingsarbeid. Det er tilrettelagt i form av både fysisk og digital arena. Prosesstøtte gis til heile organisasjonen uavhengig av lokasjon. Erfaringane frå digitale medverkingsprosessar er veldig gode både frå eksterne og interne deltakarar.

Tilnærminga som Prosjektarenaen nyttar, er basert på tenesteutviklingsmetodikken Design Thinking. Dette viser seg å vere ei god basistilnærming for dei fleste typar prosessar.

Porteføljestyring for utviklingsprosjekt er innført som ein del av verksemdstyringa. Årshjulet for porteføljestyringa er koordinert med økonomiplanprosessen. 2021 var det første året med porteføljestyring. Evalueringa av året som gjekk er veldig positiv både frå prosjektleiarar, fag- og tenesteområda og toppleiargruppa. Dei ulike fagområda har fått auka kunnskap om aktiviteten utanfor eige område og det er betre tilrettelagt for samarbeid og involvering på tvers. Det har vore eit godt første år der ein har identifisert kva tiltak ein skal arbeide med vidare

Dei digitale arbeidsprosessane våre vert også forenkla gjennom robotisering. Den digitale medarbeidaren vår RobOttar hjelper no til med ulike manuelle oppgåver, særleg knytta til sakhandsaming. Mellom anna ekspedering av brev og journalføring.

Kompetanseutvikling

Som i 2020 har smitteverntiltak ført til færre opplæringstiltak enn tidlegare. Det er derfor gjennomført flere digitale samlingar og webinar i løpet av året.

I tillegg har det vore gjennomført nokre fysiske samlingar på utvalde tema.

Som ein del av program for Nye digitale arbeidsformer er det etablert eit kompetansestyringsprosjekt som skal systematisere arbeidet med strategisk kompetansestyring i organisasjonen og vurdere behov for nytt digitalt system for å støtte opp dette arbeidet.

HMS

HMS-arbeidet og arbeidsmiljøet blei og i 2021 prega av unntakstilstandar. Sjølv om kontinuerleg forbetring er ein av grunnpiralarane for fylkeskommunen så veit vi at tider med store endringar krev større fokus på drift og mindre fokus på utvikling. Det er likevel i 2021 i gang eit utviklingsarbeid innan kvalitetsleiring, standardisering av prosessar og utvikling av eit nytt HMS-system i fylkeskommunen.

Det blei gjennomført ei medarbeidarundersøking hausten 2021. Resultata frå undersøkinga viser at dei tilsette trives på jobb, viser høy arbeidsglede og det er få tegn på negativt stress og utmattelse. Møre og Romsdal fylkeskommune blir også vurdert positivt som organisasjon.

Rekruttering i fylkeskommunen

Rutine for bemanningsplanlegging og stillings- og behovsanalysar er vidareført inn i 2021.

I 2021 rekrutterte fylkeskommunen 178 nye tilsette.

Av desse var 171 fast tilsette og 7 var tilsette i midlertidige stillingar/vikariat.

Tala inkluderer tilsette som har starta i arbeid hos fylkeskommunen i 2021 da tilsetting gjeld frå tidspunktet vedkommande trer til i stillinga.

Lønsutvikling

I 2021 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i alle kapitla i HTA, jf. kriteria i lønspolitisk plan. Forhandlingsklimaet med organisasjonane opplevast som godt. I samband med dei skulevise drøftingane vart det brot i dei lokale forhandlingane i kapittel 4 med ein av organisasjonane ved ei eining. Brotet er enno ikkje handsama av dei sentrale partane.

I kapittel 4 var den samla økonomiske ramma på 2,8 %. Dei sentrale partane nytta 1,8 % av ramma til sentralt justert lønsutvikling, og fastsette at det skulle vere lokale pott-forhandlingar med ei samla ramme på 1 % per 1.10.21.

I kapittel 3 og 5 skjer all lønnsdanning lokalt. Den gjennomsnittlege lønnsutviklinga i kap. 3 vart på 2,84 %, og for kapittel 5 vart den på 2,85 %.

Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode samarbeidstilhøve mellom partane i organisasjonen. Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt, og i 2021 vart 28 saker behandla i utvalet. I tillegg blir tillitsvalte og verneombod inviterte til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for utforming av retningslinjer og organisasjonsutvikling.